

VINN

AR OG

NOM

NERTE



FRODE SJURSEN
administrerende direktør
i Forsvarsbygg

ARKITEKTUR Å FORSVARE

Forsvarsbygg sørger for gode bustader og arbeidsplassar for Forsvarets personell.

Vi stiller høge krav til den arkitektoniske kvaliteten, og bygga må passe inn i omgivnadene. Dei skal ha god brukskvalitet og fleksibilitet, ha miljø- og energi-vennlege løysingar og vere prega av kostnadseffektivitet og nytenking. Vinnaren av Forsvarsbyggs arkitekturpris 2013 er det bygget juryen meiner best oppfyller desse kriteria.

JURYEN

Det er rektor ved Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo, Karl Otto Ellefsen, som har vore juryleiar. Elles har juryen bestått av viseadmiral Jan Eirik Finseth, sivilarkitekt Michael Ramm Østgaard, sivilarkitekt Jostein Rønsen og sjefingeniør Knut Grinderud.

DEI TRE NOMINERTE

Av dei ti prosjekta juryen har vurdert, er tre kandidatar nominerte til prisen. Desse tre viser kor stor breidd det er i kompetansen til Forsvarsbygg: Den eine nominerte er eit skytefelt i Troms, den andre er det rehabiliterte kulturhistoriske bygget på Skjold, og den tredje er det nybygde militære treningsanlegget på Haakonsværn.

VINNAREN

Forsvarsbyggs arkitekturpris framhevar kor viktig god arkitektur er for Forsvaret. Eg gratulerer det militære treningsanlegget på Haakonsværn orlogsstasjon som vinnar av Forsvarsbyggs arkitekturpris for 2013. Samtidig vil eg takke alle dei som har bidrege til å skape eit vinnarkonsept som dei tilsette i Forsvaret vil nyte godt av i mange år framover.



INE ERIKSEN SØREIDE
Forsvarsminister

REGJERINGA PRISAR GOD ARKITEKTUR

Forsvaret er ein stor arbeidsgivar, og gode fysiske omgivnader er viktig for at dei tilsette skal trivast og ha det bra i kvardagen.

TEK VARE PÅ ARKITEKTUREN

I 2013 er det løyvd om lag 2,2 milliardar kroner til investeringar i eigedom, bygg og anlegg i forsvarssektoren. Forsvarsbygg er ein stor statleg byggherre og har dermed eit viktig ansvar for å ta omsyn til god arkitektur og kvalitet i dei fysiske omgivnadene våre.

PRISUTDELING

Investeringane forsvarssektoren har gjort innanfor eigedom, bygg og anlegg, har vore ein viktig del av omstillinga i Forsvaret dei seinare åra. At det blir lagt vekt på arkitektoniske kvalitetar i dette arbeidet, er sentralt. Å dele ut denne prisen for å vise at ein verdset god arkitektur, er derfor både viktig og riktig.

Eg gratulerer det militære treningsanlegget på Haakonsværn orlogsstasjon som vinnar av Forsvarsbyggs arkitekturpris 2013.

FORSVARSBYGG
ARKITEKTURPRIS
2013

VURDERINGS- KRITERIUM

Rektor Karl Otto Ellefsen ved
Arkitektur- og designhøgskolen
i Oslo

Kriteria for prisen speglar kva vi i Forsvarsbygg er opptekne av når vi skal utvikle bygg og anlegg for Forsvaret.

ARKITEKTONISK KVALITET

Dei arkitektoniske ideane skal vere tydelege og forståelege. Prosjekta skal dokumentere høg grad av profesjonalitet, vere prega av godt bygningsmessig handverk og vise materialbruk som er tilpassa klimaet og lokale forhold.

KONTEKSTUALITET

Prosjektet skal ha eit bevisst forhold til omgivnadene det er ein del av. Det gjeld både naturområde og eksisterande bygningsmiljø. Forholdet til konteksten kan uttrykkjast gjennom tolking av stadlege forhold, tilpassing til omgivnadene eller gjennom at bygget eller anlegget er ein del av prosessar der omgivnadene blir transformerte og får ein ny orden.

BRUKSKVALITET

Bygga eller anlegga skal vere gode reiskapar for den bruken dei skal ha. Dei skal vere arealeffektive og driftsvennlege. Det skal vere teke omsyn til HMS-forhold, krav til universell utforming og arbeidsmiljøet i vid forstand.

Planløysingane skal støtte opp under og betre funksjonaliteten i verksemda.

KAPASITET FOR ENDRING

Prosjektet skal ha kapasitet for endring over tid.

ENERGI OG MILJØ

Miljømåla og energikrava til Forsvarsbygg skal vere oppfylte. Byggjemateriala skal vere miljøvennlege og klimaeffektive, og byggjeprosessen skal dokumentere lågt avfallsnivå. Eit lågt energiforbruk i driftsfasen skal bidra til å redusere dei samla klimagassutsleppa.

KOSTNADEFFEKTIVITET

Bygget eller anlegget skal vere kostnadseffektivt – både når det gjeld investeringskostnadene og drifts- og levetidskostnadene.

NYTENKING

Kriteria for arkitekturprisen prioriterer innovative løysingar som gir gode bygningsmessige svar på utbyggingsoppgåvene Forsvarsbygg står overfor.



MAUKEN-BLÅTIND SKYTE- OG ØVINGSFELT

Byggjeår 2007-2011.

Prosjektkostnad: 450 millionar kroner

Prosjektet omfattar 30 kilometer ny veg, 780 meter tunnel og 99 meter bru. Det er sprengt ut 390 000 m³ stein, og det er opparbeidd 400 000 m² fyllingar i skråninga som er tilplanta med stadstypisk vegetasjon.

PROSJEKTLIING: Forsvarsbygg ved prosjektleiar Kjell Heitmann og regionsjef Hårek Elvenes.

PLANLEGGJARAR:

Frosth Ingeniører AS.

PLANLEGGJARAR: Asplan Viak AS.

UTFØRANDE ENTREPRENØRAR:

Målselv Maskin & Transport AS (totalentreprenør veg), Leonard Nilsen & sønner AS (underentreprenør tunnel), Brødrene Kiil AS og Brødrene Karlsen Anleggsdrift AS (underentreprenørar veg), Storegga Entreprenør AS og Pedersen Byggservice AS (underentreprenør betong), Kjell Foss AS (underentreprenør sprenging), Skanska Norge AS (generalentreprenør bru).

I 1997 vedtok Stortinget å binde saman dei to skyte- og øvingsfelta Mauken og Blåtind i Troms fylke for å auke kvaliteten på den militære treninga. Juryen framhevar at samanbindinga er eit gjennomarbeidd svar på utfordringa med å byggje ny teknisk infrastruktur i naturområdet.

NATUR- OG SAMFUNNSOMSYN

Det blir stilt høge krav til planlegging og gjennomføring i utviklinga av skyte- og øvingsfeltet for å sikre natur- og samfunnsomsyn. Juryen vil spesielt framheve den høge kvaliteten på utgreiingsarbeidet, prosessane og forhandlingane. Den solide reguleringsplanlegginga har sørgt for at interesser er avklarte og varetekne. Juryen legg òg vekt på at det er oppnådd semje om korleis feltet skal brukast.

BRUKSKVALITET

Felta er bundne saman av tunnel, nye vegar og bru over E6. Løysinga reduserer den militære trafikken på det offentlege vegnettet og gir betre trafikktryggleik. Vegtraseane er lagde slik i terrenget at dei tek omsyn til lokale friluftsiinteresser og samiske reindriftsiinteresser.

KONTEKSTUALITET

Juryen framhevar at samanbindinga er eit gjennomarbeidd svar på utfordringa med å byggje ny teknisk infrastruktur i eit naturområde, og gir ros for eit klart arkitektonisk konsept, utmerkt landskapsarbeid og eit teknisk godt gjennomført anlegg.





BEFALSMESSE MED FORLEGNING PÅ SKJOLD

Byggjeår 2009-2012.

Prosjektkostnad 62,4 millionar kroner. Totalt 2405 m² areal rehabilitert.

ARKITEKT: Arkitektkontoret Amundsen AS.

PROSJEKTLEIING: Forsvarsbygg ved prosjektleiar Hans Magnus Stensrud og regionsjef Hårek Elvenes og Arkitektkontoret KNM ved Kjell Nissen-Meyer.

RÅDGIVARAR: Forsvarsbygg nasjonale festningsverk og Riksantikvaren.

RÅDGIVANDE INGENIØR: COWI AS.

BYGGJELEIING: Frosth Ingeniører AS.

UTFØRANDE ENTREPRENØRAR: PEAB / Bjørn Bygg AS, Ole Nordmo & Sønn AS (grunnarbeid og utomhusanlegg), Myre Elektro Teknikk AS (elektroteknikk og automasjon), Rørsystem AS (sanitær og varmeanlegg), Hamstad AS (ventilasjonsanlegg) og Norsk Profil DA (blekkslagar).

Skjold militærleir blei bygd ut i perioden 1953–1956. Den kalde krigen og truslane frå aust gjorde at Noreg like etter andre verdskrigen plasserte ståande hæravdelingar på Setermoen, Bardufoss, Skjold og i Skibotn på grensa mot Finland. Juryen framhevar at rehabiliteringa av befalsmessa med forlegningsdel er utført på ein balansert og vellykka måte.

KONTEKSTUALITET

På Skjold leir er 25 bygg omfatta av vern, og elleve av dei er freda av Riksantikvaren. Befalsmessa med den tilknytte forlegninga er omfatta av fredningsplanen. Med det enkle uttrykket dokumenterer ho på ein fin måte bygningsmassen frå denne tida.

ARKITEKTONISK KVALITET

Messa med forlegninga er renovert i tråd med verneføresegnene og er tilpassa krava til Riksantikvaren. Det har vore vesentleg å behalde og tilbakeføre bygningen til det opphavlege visuelle uttrykket og samtidig oppgradere han til dagens tekniske standard. Renoveringa har vore utfordrande, også fordi ho har kravd fagfolk med kompetanse i utdøyande handverksfag.

BRUKSKVALITET

Juryen framhevar at rehabiliteringa er utført på ein balansert og vellykka måte. Interiøret i fellesareala er utført i 50-talsstil. I matsalen og peisestovene i befalsmessa er kledninga frå 1955 bevart. I forlegningsdelen er korridorane tilbakeførte til den opphavlege løysinga.

Eit godt butilbod som er tilpassa krava i dag, er essensielt når ein skal rekruttere befal. Oppgradering og nyopning av befalsmessa og forlegninga er viktige bidrag for å dekkje dette behovet.





MILITÆRT TRENINGSANLEGG PÅ HAAKONSVERN ORLOGSSTASJON

Byggjeår 2008-2011.

Prosjektkostnad: 355 millionar kroner

Bruttoarealet på bygningen er 9800 m², og i tillegg er det 25 000 m² utomhusanlegg.

ARKITEKT: Longva arkitekter AS.

LANDSKAPSARKITEKT:

Grindaker AS.

PROSJEKLEIING: Forsvarsbygg ved prosjektleiar Stig Wassdal og regionsjef Bjørn Tore Rognstad og BBC Bakkejord Consulting AS.

RÅDGIVANDE INGENIØR:

SWECO Norge AS divisjon Vest.

BYGGJELEIING: Norconsult AS, COWI AS, Erstad & Lekven AS, Ingeniørene Andersen og Askjem AS.

UTFØRANDE ENTREPRENØRAR:

Sartor Maskin AS (grunnarbeid), YIT Building System AS (elektroarbeid i grunnen), Skanska Norge AS (generalentreprenør bygg og utomhusanlegg) og SteelPool Sweden AB (totalentreprenør stålbaseng).

Det militære treningsanlegget på Haakonsværn orlogsstasjon ved Bergen blei opna i 2011 og erstattar det gamle anlegget frå 1963. Her har maritimt mannskap, som elles sjeldan har høve til å trene under aktiv teneste, verdifulle treningsfasilitetar. Juryen framhevar at anlegget er eit framifrå døme på ny norsk arkitektur.

HØG BRUKSKVALITET

Bygningen inneheld ulike treningssalar, klatrevegg, rom for styrketrening og spinning, symjehall med to stålkledd basseng i tillegg til kontor og fysioterapilokale. Eit av bassenga har ei fullskala båtside som blir brukt til trening og sertifisering av mannskap. Uteanlegga inneheld mellom anna eit stort bryggjeanlegg, idrettsbane med springebaner og fotballbane med kunstgras.

KOSTNADSEFFEKTIVITET

Juryen framhevar at det ferdige bygget har gode og robuste løysingar som det har vore kostnadseffektivt å realisere. Bygget er utsett for røff bruk, og det er derfor lagt vekt på at materialane skal tole mekanisk påkjenning. Låge vedlikehaldskostnader og lågt energiforbruk gir nøkterne driftskostnader.

ARKITEKTONISK KVALITET

Det militære treningsanlegget er eit resultat av ein arkitektkonkurranse. Ifølgje juryen forklarar og understrekar det arkitektoniske uttrykket innhaldet i bygningen på ein svært god måte. Juryen slår fast at det militære treningsanlegget er eit framifrå døme på ny norsk arkitektur. Det kompletterer marinebasen på ein landskapsmessig flott måte og kan vere eit førebilete både for militære og sivile treningsanlegg.



www.forsvarsbygg.no

Biletet viser det militære treningsanlegget på Haakonsværn orlogsstasjon ved Bergen. Bygget er vinnar av Forsvarsbyggs arkitekturpris 2013.